




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Landbruket - på lag med naturen

Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal 2019 – 2022





Eit særprega kulturlandskap, Hustadnes i Hjørundfjorden. Foto: Arnold Hoddevik, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innhald

Innleiing.....	4
Rammer og føringar	4
Dei største miljøutfordringane for jordbruket i Møre og Romsdal.....	5
Gjødselhandtering:	5
Forringing av landbruket sitt kulturlandskap:	5
Avrenning til vassdrag og kyst:	5
Prinsipp for prioriteringar av tiltak i RMP for Møre og Romsdal	6
Regionale miljøtiltak for Møre og Romsdal, 2019 - 2022	6
Prioritering av område – geografisk avgrensing	7
Regionalt prioriterte kulturlandskap.....	7
Område som er spesielt utsett for erosjon og partikkeltap	9
Skjøtselsråd	9
Skjøtselsråd for §9 Slått av slåttemyr eller slåttemark.....	10
Råd om korleis slåttan kan gjennomførast:.....	10
Beiting som supplement til slått:.....	10

Andre tiltak som kan bidra til å ta vare på slåttemark	10
SMIL og drenering	11
SMIL.....	11
Drenering av tidlegare dyrka jord	11
Vedlegg 1 Rammer og satsar for regionale miljøtilskot.....	12
Vedlegg 2 Kart som viser «Soner for regionalt prioriterte kulturlandskap»	12
Vedlegg 3 Forskrift for regionale miljøtilskot i Møre og Romsdal	12

Innleiing

Regionalt miljøprogram (RMP) for Møre og Romsdal er utvikla av Fylkesmannen, i tett samarbeid med det regionale partnerskapet. Programmet inkluderer ei forskrift om Regionale miljøtilskot for Møre og Romsdal.

Første utgåva av RMP kom i 2004, og hadde ei levetid på fire år. Programmet vart revidert i 2009 for perioden fram til og med 2012. Vi gjekk i 2013 inn i ein ny fireårsbolk med nytt fagsystem, som seinare vart forlenga til I og med 2018.

Dei regionale miljøprogramma skal gi målretting av miljøinnsatsen i jordbruket utover det som er mogleg gjennom generelle, nasjonale ordningar. Regionalt miljøprogram blir utvikla i tett samarbeid mellom fylkesmannen, Møre og Romsdal bondelag og Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag, innanfor ramma av det regionale partnerskapet. Det er Fylkesmannen som vedtek Regionalt miljøprogram. Programmet skal ha ei virketid på fire år. Regionalt miljøprogram er eitt av tre delprogram under Regionalt bygdeutviklingsprogram for Møre og Romsdal (RBU).

Regionalt miljøprogram 2019 – 2022 for Møre og Romsdal er organisert slik :

Del I (Vedlegg 1)	Del II (Vedlegg 1)	Del III (Vedlegg 3)
Organisering, Rammer og føringar Utfordringar og mål Prinsipp for prioritering Andre miljøvirkemiddel: Miljøkrav SMIL og drenering	Rammer og satsar for tiltaka i Regionalt miljøprogram	Regional forskrift med tiltak.

Rammer og føringar

Regionalt miljøprogram 2019 – 2022 er laga med utgangspunkt i desse dokumenta (uprioritert rekkefølge)

1. Stm. 11 (2016-2017) Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon
2. Brev frå LMD datert 20. september 2017 : Revidering av regionale bygdeutviklingsprogram
3. Nasjonalt miljøprogram 2019 – 2022
4. Instruks for regionale miljøtilskot (datert 23.11.2018)
5. Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal, 2013 – 2016
6. Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal, 2017 – 2021
Gjennom 2016 og 2017 var alle regionale aktørar engasjert i arbeidet med Landbruksmeldinga, som vart vedteken i fylkestinget i juli 2017. Meldinga vart laga etter grundige vurderingar av emna som er omhandla i RMP, og etter samråd med faglaga er konklusjonane i meldinga tatt med som grunnlag for RMP.
7. Jordbruksavtalen 2018

Nasjonalt miljøprogram (NMP) gir rammene for innhaldet i RMP. NMP presenterer sju miljøtema med totalt 54 moglege tiltak. Vi kan lage regionalt miljøprogram ved å hente tiltak som er omtala i NMP, men vi kan IKKJE bygge inn tiltak som ikkje er omtala i det nasjonale programmet. Tiltaka i NMP dekkjer i prinsippet alle tiltak vi hadde i tidlegare regionalt miljøprogram. I tillegg til å velje ut tiltak frå NMP skal fylkesmannen sette vilkår, avgrensingar, satsar og anna, som er spesifikke for Møre og Romsdal. Med utgangspunkt i det nasjonale miljøprogrammet er det laga ein nasjonal instruks for regionale miljøtilskot. Dette dokumentet gir detaljerte føringar for korleis det regionale miljøprogrammet skal byggast opp, og kva tiltak det kan innehalde.

Dei største miljøutfordringane for jordbruket i Møre og Romsdal

Gjødselhandtering:

Møre og Romsdal er eit typisk husdyrfylke, med tung vekt på storfe og grovfôrproduksjon på meir enn 90% av jordbruksarealet. Næringa har gått gjennom store strukturelle endringar dei siste tiåra. Einingane har blitt langt større, drifta meir intensiv, og produksjonen er knytt til færre område enn før. Den absolutt største utfordringa er å få meir «miljørett» bruk av dei store voluma av husdyrgjødsel. Dette treffer miljøspørsmåla i full breidde, - relevante stikkord kan vere stoffrekneskap, jordstruktur, transport og energiforbruk, vasskvalitet – og ikkje minst emisjon av gassar som er skadelege for klimaet. Tiltak for å endre praksis i miljørett lei har størst klima-/miljøeffekt.

Forringing av landbruket sitt kulturlandskap:

Møre og Romsdal har spektakulært kulturlandskap, med ekstreme kvalitetar som reisemål og buplass. Fleire av bygdene har fått plass på verdskartet, mellom andre Geiranger, Hjørundfjorden, Runde, Hustadvika og Romsdalen med Trollstigen. Drifta på fleire av dei viktigaste områda er altfor svak, og viktige område er trua av attgroing. Problemstillinga er tydeleg og utfordringa viktig – men det er vanskeleg å finne tiltak som treffer breiare enn enkeltpunkt.

Avrenning til vassdrag og kyst:

Erosjon, partikkeltap og utslepp av næringssalt til vatn og kyst er eit tredje hovudtema. Lokalt er dette ei viktig utfordring, og tiltaka må nødvendigvis vere geografisk innretta og avgrensa til område med høgast risiko. I Møre og Romsdal har vi ingen kart som viser vurderingar av erosjonsrisikoen for ulike areal. Areal med tilskotsberettiga kulturar i nedslagsfeltet til elva Surna i Surnadal, Driva i Sunndal og Rauma i Rauma kommune blir vurderte som særleg utsette. I tillegg til dalføra med aktivt landbruk på elveavsetningar, trengs det særlege tiltak for jordbruket på Smøla. Jordbruket på øya er basert på dyrking av djup myr over fjell. Partikkeltapet er stort, med potensielt store negative konsekvensar for vassdraga.

Prinsipp for prioriteringar av tiltak i RMP for Møre og Romsdal

Miljøprogrammet har fleire innebygde paradoks. Ekstensivt jordbruk med vekt på biologisk mangfald er viktig for å halde oppe biologiske, kulturelle og estetiske verdier. Optimal handtering av små areal (eksempel nedmolding) kan kome i konflikt med ambisjonar om god handtering av store volum på kort tid. Det er også grunn til å peike på at det i mange bygder er overskot på dyrkajord, og samla for fylket har rundt 70 000 dekar gått ut av drift sidan årtusenskiftet. Det er ikkje nødvendigvis slik at det er marginale ressursar som går ut av drift. Det er ikkje openbart at vi – i desse bygdene – skal bruke tilskotsmidlar for å halde det bratte og marginale arealet i drift, heller enn lettstelt flat jord. Eksempla på slike innebygde konflikter er mange. Konsekvensen er at vi legg oss på ei pragmatisk linje, der ulike tiltak støttar opp om svært ulike føremål. Dette fargar prioriteringane. Vi har naturlegvis merka oss at styrking av Drift i bratt terreng blir finansiert gjennom auka ramme, medan forventningane om større trykk på klimatilak skal finansierast ved å overføre ressursar frå andre tiltak i miljøprogrammet. Dessutan har vi over lang tid hatt ambisjonar om å bruke RMP aktivt i samarbeidet om vassrammedirektivet. RMP skal bidra til god vasskvalitet, med lite tap av partiklar og næringsemne til vassdrag og grunne sjøområde. Programmet er forankra i desse prinsippa

Ressursbruken i programmet er styrt ut frå det som er identifisert som særleg viktige miljøutfordringar for Møre og Romsdal. Midlane skal brukast slik at totaleffekten for landbruket blir best råd. I dette ligg at tiltak som kan forandre ein generell driftspraksis i miljørett lei, er viktigare enn optimal handtering av enkeltobjekt.

Vi har som gjennomgåande prinsipp at tilskot skal løyse ut ei ønska handling. Tiltak utan potensiale til å forandre praksis har liten plass i programmet.

Vi legg vekt på at det som blir hausta skal brukast til fôr eller menneskeføde. For alle tiltak der det er relevant, skal hausta gras bli brukt i produksjon, ikkje beitepussing, bortkøyning eller liknande.

Miljøprogrammet er godt kjent mellom bøndene, og mange har innretta drifta for å kome i posisjon til å søkje tilskot over RMP. Vi legg vekt på kontinuitet og at tiltaka skal kunne gjenkjennast over tid. Dei fleste tiltaka – og regelverket rundt – er ført vidare frå RMP 2018.

Det er lagt vekt på å forenkla forvaltinga, slik at miljøprogrammet som utgangspunkt ikkje skal brukast der det finst tilsvarandande nasjonale tiltak.

Regionale miljøtiltak for Møre og Romsdal, 2019 - 2022

Med utgangspunkt i Nasjonalt Miljøprogram er 13 tiltak prioriterte i Møre og Romsdal. Desse går fram av tabellen under. Det er viktig å vere merksam på at rammene berre er

omtrentlege, og at satsane knytt til tiltaka kan endrast år for år, avhengig av budsjett og søknadsomfang.

Miljøtema	Aktivitetsområde	Tiltak	Forventa årleg ramme
Kulturlandskap	Regionalt prioriterte kulturlandskap	Slått av verdifulle jordbrukslandskap	1 800 000
	Oppretthalde kulturlandskapet	Slått av bratt areal	4 000 000
		Drift av beitelag	1 000 000
Biologisk mangfald	Utvalde naturtypar	Slått av utvalgte naturtype slåttemyr og slåttemark	250 000
	Prioriterte naturverdiar	Beite av områder med kystlynghei	500 000
		Tilrettelegging av hekke- og beiteområder for fugler	50 000
Kulturmiljø og kulturminne	Sætring	Drift av enkeltseter / felleseter	2 000 000
	Automatisk freda kulturminne	Skjøtsel av enkeltstående kulturminne	500 000
Avrenning til vassdrag og kyst	Avrenning, prioriterte/andre områder	Ingen jordarbeiding om hausten	2 000 000
		Grasdekt kantsone i åker	
		Vedlikehald av fangdammar	500 000
Utslepp til luft	Miljøvennleg spreing av husdyrgjødsel	Nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel	2 000 000
		Tilførselslanger	1 600 000
		Spredning av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesong	6 700 000

Prioritering av område – geografisk avgrensing

Med nokre få unntak er tiltaka i Regionalt Miljøprogram aktive for heile fylket. Føretak som oppfyller vilkåra, har krav på tilskot uavhengig av geografisk plassering. Unntaka er «Slått av verdifulle jordbrukslandskap», og tiltaka som er målretta for å redusere utsleppa til vassdrag og kyst. Geografiske grenser for dei ulike tiltaka er vist som kart i vedlegg 2.

Regionalt prioriterte kulturlandskap

Nokre område i Møre og Romsdal er løfta fram som «Regionalt prioriterte kulturlandskap». Utvalet av område er henta frå dei nasjonale registreringane av verdifulle kulturlandskap og registreringane i Storfjordprosjektet. Områda som blir omfatta av tiltaket var også med i tidlegare miljøprogram.

Det kan bli gitt tilskot til areal som ligg innanfor desse sonene, og som er godkjent for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot. Arealet skal haustast ved slått og eventuelt beiting. Det er eit vilkår at det blir tatt minst ei årleg avling ved slått.

Geografiske grenser for sonene 1 – 11 er vist som kart i vedlegg 2

Soner for regionalt prioriterte kulturlandskap

1 Sunndal kommune:

Grøuvassdraget; alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.

2 Nesset kommune:

Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover
Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset

3 Rauma kommune:

Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense

4 Stordal / Stranda / Norddal (Storfjordområdet):

Stordal kommune: Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen)
Stranda kommune: Heile Geirangerbygda og alle fjordvende gardar på begge sider av fjorden med Ljøen til og med Liene, vidare på austsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Stordal
Norddal kommune: Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide

5 Ørsta kommune:

Norangs fjorden og Norangsdalen

6 Herøy kommune:

Runde, Nerlandsøya og Skorpa

7 Giske kommune:

Området ved Alnes fyr

8 Midsund kommune:

Tautra

9 Hustadvika i kommunane Fræna, Eide og Averøy

Fræna kommune: Buaværet og alt areal vest for Nasjonal Turistveg frå Bergset til grensa mot Eide
Eide kommune: Vevangbygda og Årsbogen

Averøy kommune:

Sona omfattar øyane langs Atlanterhavsvegen. Vidare vert sona avgrensa slik at den omfattar eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågvatnet. Deretter går avgrensinga sørover til fylkesveg 250 (Staurnesvegen) og følgjer denne til krysset med riksveg 64. Mot sør vert området avgrensa av riksveg 64 mellom krysset med Staurnesvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av fylkesveg 247 så langt sør som til og med Grovaneset.

10 Smøla kommune:

Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy, til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra

11 Haram kommune:

Heile Ulla, unnateke fjellet. Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/ Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva

Område som er spesielt utsett for erosjon og partikkeltap

Jf tiltaket for å redusere utslepp til vassdrag og kyst.

Geografiske grenser for dei ulike tiltaka er vist som kart i vedlegg 2.

Avrenning til vassdrag og kyst – spesielt prioriterte område	
1	Sunndalen Alt areal i nedslagsfeltet til Driva, der det blir dyrka korn, poteter eller grønnsaker. Sjøå tiltaka under Miljøtema «Avrenning til vassdrag og kyst»
2	Surnadal Alt areal i nedslagsfeltet til Surna der det blir dyrka korn, poteter eller grønnsaker. Alt areal i nedslagsfeltet til Surna. Sjøå tiltak under Miljøtema «Avrenning til vassdrag og kyst»
3	Rauma Alt areal i nedslagsfeltet til Rauma der det blir dyrka korn, poteter eller grønnsaker. Sjøå tiltaka under Miljøtema «Avrenning til vassdrag og kyst»
4	Smøla Alt areal på øya Smøla der det blir dyrka korn, poteter eller grønnsaker.

Desse avgrensingane har relevans for tiltaka under Miljøtema «Avrenning til vassdrag og kyst»

Bakgrunnen for prioriteringa: Erosjon, partikkeltap og utslepp av nærings salt til kyst og vatn er løfta fram som ei viktig miljøutfordring for Møre og Romsdal. Temaet er drøfta ved alle tidlegare utgåver av miljøprogrammet, men på grunn av svakt faktagrunnlag og få potensielt gode tiltak har temaet ikkje fått plass i programma. Fokuset på landbruk og arbeidet med vassrammedirektivet har gitt temaet ny aktualitet, og vi har etter kvart fått eit langt betre faktagrunnlag. I utgangspunktet er det tre vassdrag der temaet er særleg aktuelt, dette gjeld elvane som renn gjennom Surnadal, Sunndal og Rauma. Desse er kjenneteikna av tidvis stor vassføring gjennom område med betydeleg jordbruksaktivitet. Dei siste åra har NIBIO laga kart med erosjonsrisiko for Sunndalen og Surnadal. Vi har god nok lokalkunnskap til at det er forsvarleg å også innlemme Rauma i områda som får særlege tiltak for å redusere partikkeltap og avrenning.

I tillegg til dei tre nemnde dalføra med aktivt landbruk på elveavsetningar, trengs det særlege tiltak for landbruket på Smøla. Jordbruket på øya er basert på dyrking av djup myr over fjell. Partikkeltapet er stort, med potensielt store negative konsekvensar for både vassdraga og dyrkajorda.

Skjøtselsråd

Fylkesmannen er ansvarleg for at det blir gitt skjøtselsråd for nokre av tiltaka.

Skjøtselsråda skal sikre at føremålet med tilskotet blir nådd, og det er også rettleiande for kontrollen med dei aktuelle tiltaka.

Regional kulturminneforvaltning (kulturavdelinga, fylkeskommunen) og miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen har gitt innspel til skjøtselsråda.

Skjøtselsråd for §9 Slått av slåttemyr eller slåttemark

Slåttemark er ugjødsla enger som tradisjonelt er slått for å skaffe vinterfôr til dyra på garden. Areala er også brukt til beite på vår og haust. Slåttemarker er ofte svært artsrike og leveområde for mange sjeldne og spesialiserte planter og insekt. På grunn av endra driftsformer i landbruket er mange slåttemarker i ferd med å gro igjen. Det er difor viktig med jamleg og riktig skjøtsel for å bevare denne naturtypen og artsmangfaldet.

Gjennom regionale miljøtilskot kan det gjevast tilskot til slått av slåttemark. Føremålet med tilskotet er å stimulere til slått av den utvalde naturtypen slåttemark, for å ta vare på eller forbetre naturtypen. Det er viktig at slåtten blir gjennomført slik at eigenarten og artsmangfaldet til naturtypen blir tatt vare på.

Vilkår for å få tilskotet er at arealet ikkje skal gjødslast, jordarbeidast eller sprøytast med plantevernmidlar.

Råd om korleis slåtten kan gjennomførast:

- Tiltrådeleg tidspunkt for slått er anten siste halvdel av juli eller i august etter at plantane har sett frø. Følg den lokale tradisjonen for området.
- Bruk skjerande reiskap som ljà, lett slåmaskin med slåttekniv eller kantklippar.
- Det er tilrådeleg å bakketørke graset nokre dagar, slik at frøa frå graset får drysse på bakken før det blir frakta bort. Graset kan også hesjast og tørkast på denne måten. Raking gjer at frøa kjem betre i kontakt med jorda og at ikkje gras blir liggande og tilføre jorda næring. Nettopp mangel på næring er det som gir mangfaldet av artar i enga, fordi storvaksne og næringskrevjande planteartar då ikkje maktar å ta over og konkurrere ut alle dei andre engartane.

Beiting som supplement til slått:

Slått er det viktigaste tiltaket for å ta vare på eigenskapane til slåttemarka. Samstundes kan lett beite på våren og hausten bidra til god skjøtsel. Beitedyra fjernar restar frå slåtten og held ettervoksteren (håa) nede. Tråkk frå beitedyr gir små flekkar av jord som plantene kan spire i. Det er likevel viktig å tilpasse beitinga til forholda lokalt, og unngå at for høgt beitetrykk gir slitasje og erosjonsskader. Ein må også ta omsyn til dei artane som finst lokalt, særleg sjeldne eller trua artar som er sårbare for beiting, særleg på våren (til dømes orkidear).

Andre tiltak som kan bidra til å ta vare på slåttemark

Kantsoner kan fungere som viktige korridorar for spreiding av frø og pollen. Sørg for å halde artsrike vegkantar ved like slik at dei ikkje gror igjen med høge buskar og tre. Artane

som lever i slåttemarka er avhengige av mykje lys og det er difor viktig å halde areala lysopne.

- Dersom innslaget av mose aukar bør det gjerast tiltak for å forhindre dette (til dømes sviing, utstrøing av oske, hard raking, spreie gjødsla som beitedyra har lagt igjen).
- La det gjerne stå igjen selje, rogn og andre tre som set frukt og bær. Desse er viktige for insekt- og fuglelivet i tilknytning til slåttemarka.

SMIL og drenering

SMIL

Føremålet med Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet, og å redusere forureininga frå jordbruket. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsetjingar og strategiar. Kommunane forvaltar SMIL innanfor rammer gitt gjennom forskrift og Regionalt miljøprogram. Kommunane skal lage fireårige tiltaksstrategiar, som blir lagt til grunn for forvaltninga. Strategiane skal lagast i samråd / samarbeid med faglaga. SMIL skal brukast til å støtte opp under prioriteringane i det regionale miljøprogrammet. Tiltaksstrategiane skal identifisere lokale miljøutfordringar, og vise korleis SMIL skal brukast for å møte desse.

Fylkesmannen fordeler midlane til kommunane etter desse kriteria

80 % av midlane blir fordelte etter storleiken på landbruksnæringa (areal i drift, tal føretak), og 20 % blir fordelt etter aktivitet og gjennomføringsevne.

Drenering av tidlegare dyrka jord

Fylkesmannen fordeler midlane til kommunane etter desse kriteria : 60 % av midlane blir fordelte etter storleiken på landbruksnæringa (areal i drift, tal føretak), og 40 % blir fordelt etter aktivitet og gjennomføringsevne.

Fylkesmannen fordeler rammene til Drenering i to omgangar. Den første fordelinga skjer etter prinsippa over, medan den siste omgangen blir styrt etter forbruk og etterspurnad i kommunane.

Kommunane skal melde inn behov til fylkesmannen, og elles rapportere på etterspurnad og tilskotsforvaltning og gjennomføring, slik Fylkesmannen ber om.

Molde 15. mai 2019

Vedlegg 1 Rammer og satsar for regionale miljøtilskot

Vedlegg 2 Kart som viser «Soner for regionalt prioriterte kulturlandskap»

Vedlegg 3 Forskrift for regionale miljøtilskot i Møre og Romsdal